



Miljødirektoratet
v/Statsforvaltaren i Nordland
sfnopost@statsforvalteren.no

17.04.2026

KLAGE – LØYVE TIL UTSETTING AV LUTZGRAN I SORTLAND KOMMUNE

Vi viser til sak 2026/1896, vedtaksdato 19.03.2026.

Vi fekk kjennskap til saka på Miljøvedtaksregisteret 26.03.2026. Vi spurde straks etter søknaden slik at vi kunne sjå på kart kvar omsøkte område var. Dette fekk vi ikkje før påske, og måtte purre på det etter påske. Dermed fekk vi ikkje tak i sentrale saksdokument før 08.04. Det førte også til at vår synfaring blei mindre effektiv. Vi reknar 08.04.2026 for utgangspunkt for klagefrist. Vi bad dessutan om at Statsforvaltaren rekna dette som førebels klage.

Klagarorganisasjonane arbeidar spesielt med naturmangfald. Viss det er nærare spørsmål om vår klagerett, så kan vi svare på det etter førespurnad.

Vi meiner vedtaket bygger på feil føresetnader og dermed må gjerast om til avslag.

Klaga gjeld den delen av saka som omhandlar planting av utanlandsk *Picea* (sitkagran/lutzgran) på tidlegare granfelt.

Naturvernforbundet
Mariboegate 8
0183 Oslo
naturvern@naturvernforbundet.no

Sabima
Mariboegate 8
0183 Oslo
sabima@sabima.no

WWF-Norge,
Postboks 6784 St. Olavs
Plass, 0130 Oslo
wwf@wwf.no



Plantefelt av gran som er hogd.

Norsk PEFC Skogstandard

Gjeldande skogstandard omtalar dette tilfellet:

PEFC N 02:2022 Norsk PEFC Skogstandard:

«Kravpunkt 20: Bruk av utenlandske treslag

Kravpunktet skal sikre at man avgrensar bruk og unngår spredning av utenlandske treslag for å ta hensyn til landskap, friluftsliv, biologisk mangfold og skogproduksjon/klima.

Krav

Ved påskoging og foryngelse etter hogst skal norske treslag benyttes. Utenlandske treslag kan kun benyttes på arealer der det har vært plantet utenlandske treslag for skogbruksformål tidligere.»

«Planting av utenlandske treslag forutsetter vidare at man har erfaring fra forrige omløp som tilsier at:

3. spredning kan unngås eller holdes under kontroll»

I vedtaket manglar det ein gjennomgang av planting av utanlandske artar av gran. Det næraste ein kjem er formuleringa «den store mengden plantefelt i området». Det er dermed ikkje mogleg å vurdere om det er mogleg å fjerne utanlandsk gran i området, eller om det er for seint. Dermed manglar ein vurdering av sumverknad.

Registreringane på Artskart viser spreining av gran, både utanlandske artar og norsk gran som ikkje er naturleg i området. Spreiinga går lenger enn den randsona som søkjar blir pålagd å halde fri for rømlingar. For oss ser det ut til at ein ikkje har kontroll med spreinga av granartane og at ein dermed er i strid med sertifiseringsordninga.

Samfunnsnytte

Når ein skal rekne på samfunnsnytta må ein også rekne med utgiftene til å fjerne rømlingar, og negativ konsekvens av at lutzgran vil spreie seg.

Naturavtala:

MÅL 2

Sikre at det innen 2030 er iverksatt effektiv restaurering av minst 30 prosent av arealene med forringede økosystemer på land, i elver og innsjøer, langs kysten og i havet, for å forbedre naturmangfold og økosystemfunksjoner og -tjenester samt økologisk tilstand og sammenheng.

MÅL 6

Eliminere, minimere, redusere og/eller avbøte påvirkningen fra fremmede skadelige arter på naturmangfold og økosystemtjenester ved å identifisere og håndtere introduksjonsveier for fremmede arter, forhindre at prioriterte fremmede skadelige arter introduseres og etableres, redusere introduksjons- og etableringstakten for andre kjente eller potensielle fremmede skadelige arter med minst 50 prosent innen 2030, og utrydde eller kontrollere fremmede skadelige arter, især på prioriterte steder, for eksempel øyer.

Det offentlege har med det plikta seg å fjerne framande artar.



Skjermdump av Artskart 26.03.2026, søk på *Picea*. Registrerte granartar er merka med fiolette punkt.

Det er ved to høve gjort registreringar av utanlandske granartar i området. Ein må rekne med at berre ein del av trea som finst i området er registrert. Dei trea som er registrert viser at mange av dei er meir enn 100 meter frå opphavet og fell inn under den gruppa spreiring som er

for langt unna til at nokon vil ta økonomisk ansvar for å fjerne dei, slik det blei sagt i samband med høyringa av forskrifta som gjeld.

Vind og ver

Aktuelle område ligg på eit eide. Landskapstypen eide har eit lag med å vere område med ekstra mykje vind som følgje av topografien. I tillegg legg vi merke til at fjellet på nordsida har ein liten skog av vindturbinar. Dette er to moment som gjer at ein i ei sak som denne må ta føresetnaden for frøspreiing i området betydeleg meir alvorleg enn det som er gjort i saka. Registreringa av *Picea* på Artskart peikar i same retning.

Raudlista naturtypar

Det er lista opp ei rad raudlista naturtypelokalitetar av forskjellig slag og kvalitet. Alle ligg så nær at dei vil kunne bli infisert av frøspreiing frå omsøkte planting. Vurderinga av kva påverkinga kan bli av ei utplanting er svært mangelfull.

Krav om utsett iverksetting

Ein ber om at det ikkje blir planta ut noko før klaga er avgjort.

Med venleg helsing

Arnodd Håpnes
Fagleiar naturmangfald, Naturvernforbundet

Einar Wilhelmsen
Generalsekretær, Sabima

Sverre Lundemo
Seniorrådgivar, WWF Verdens naturfond